# SOGNABLU -
# ei heiltidsutdanning med deltidsjobb

–

Partnarskap om rekruttering mellom kompetanseregion Sogn og HVL




*Osvald Lykkebø, HVL*

# Synergiar som fremjer kvalitet



# Lokal og nasjonalt bakteppe






Kilde: https://hkdir.no/aktuelt/lysere-utsikter-for-laerermangelen-flere-enn-noensinne-vil-bli-grunnskolelaerere

# Felles utfordringar og ansvar

- Felles utfordring
  - Nedgang i søknader til barnehagelærarutdanninga
  - Behov for barnehagelærarar i barnehagane i Sogn
- HVLs ansvar og tiltak
  - Bidra til nok barnehagelærarar i "våre" barnehagar
  - Samarbeid med barnehageeigarar/kommunar
- Tilpassing av studiet
  - Samfunnsretta utdanning i samarbeid med kommunar
  - Møte endringar i studentgruppe og behov for heilskapleg kompetanse i barnehagane

**Hva kan du jobbe med?**

- Du blir kvalifisert for pedagogiske lederstillinger i barnehager.
- Du kan jobbe som leder i skolefritidsordningen (SFO).
- Det er også mulig å jobbe i oppvekstsektoren og innenfor omsorgstjenester i kommuner og fylker.



# Intensjonsavtale blir signert – desember 2024

**Intensjonsavtale**

**Mellom Luster kommune og barnehagelærarutdanninga i Sogndal v/Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, HVL.**

På landsbasis går søknaden til barnehagelærarutdanninga ned, på same tid er det eit utstrekt behov for barnehagelærarar i dei norske barnehagane. Dette er ei utfordring som må løysast om barnehagane skal kunne tilby barna kvalitet på det pedagogiske tilbodet i tråd med Rammeplan for barnehagen og om kommunen skal løyse samfunnsoppdraget i framtida. I denne samanheng må Høgskulen på Vestlandet (HVL) og kommunane i større grad samarbeide om å utvikle attraktive utdanningstilbod som kan svare på samfunnsutfordringar og rekruttere studentar.

**Formål:**
Denne avtalen har som intensjon å fremme:

- auka rekruttering til heiltids barnehagelærarutdanning i Sogndal og at ferdig utdanna barnehagelærarar startar i yrket.
- styrke samarbeidet mellom barnehagelærarutdanninga i Sogndal og region Sogn
- arbeide for å sikre kompetanse i barnehagane i regionen på kort og lang sikt

Begge partar forpliktar seg til å samarbeide for å nå desse måla.

**Avtalevilkår:**

1. **Rekruttering:** Luster kommune og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) skal jobbe aktivt saman for å auke rekrutteringa til heiltids barnehagelærarutdanning i Sogndal, og slik fremme barnehagefagleg kapasitet og kompetanse i regionen. Dette kan inkludere, men er ikkje avgrensa til, felles rekrutteringskampanjar, informasjonsmøter og andre tiltak som kan bidra til å auke interessa for utdanninga.
2. **Utvikling**: Luster kommune og FLKI ynskjer å utvikle og prøve ut eit utdanningstilbod som kombinerer studiar med eit tilbod om ei årslang deltidsstilling i ein av barnehagane i kommunen. Luster kommune legg til rette for at studentane ved heiltids barnehagelærarutdanning i Sogndal får tilbod om å jobbe i omlag 20% stilling i ein privat eller kommunal barnehage i kommunen.

**Varigheit:** Denne avtalen gjeld frå signeringsdato og er gyldig i tre år, med moglegheit for forlenging etter avtale mellom partane.



# SOGNABLU: Ei utdanning for framtida

- Behovet for ei meir dynamisk form for undervising og partnarskap
  - Kan løyse rekrutteringsutfordringar?
- Partnarskap med kommunar
  - Heiltidsutdanning med deltidsjobb
- Endra tilnærming til undervisning:
  - Leikfull tilnærming
  - Variert og dynamisk
  - Samskaping og samlæring
  - Eksperiment og utforsking
  - Heile dagar på campus
  - Lærarar underviser i lærarteam






*Osvald Lykkebø, HVL*

# Erfaring og tilbakemeldingar

Nøgde studentar, som seier det er gevinst å kombinere utdanning og jobb i barnehage

...som tykkjer vekslinga mellom arbeid i barnehage og undervisning fungerer godt

...som melder om godt klassemiljø

Barnehagane som har studentar i jobb er svært nøgde !

...melder om god samhandling med utdanninga og jamnlege møter

Positivt med studentar som er i relevant utdanning

Høgskulen på Vestlandet

Osvald Lykkebø

# SAMSKAP

**Innovasjonsprosjekt i offentleg sektor – Prosjektet SAMSKAP - Samskaping i ein barnehagesektor i rørsle**

Sogndal kommune
Luster kommune
Årdal kommune
Vik kommune
Aurland kommune -det naturlege valet
Lærdal kommune
Sognaregionen

# Utfordringar i barnehagesektoren og behovet for innovasjon

SAMSKAP – samskaping i ein barnehagesektor i rørsle

- NFR; Forskning og innovasjon for store utfordringer i offentlig sektor

- SAMSKAP byggjer på SognaBlu

- Hovudmålet med SAMSKAP er å samskape ei innovativ og praksisnær barnehagelærarutdanning som rekrutterer studentar og styrker deira profesjonsutvikling og som møter barnehagesektoren sitt behov for kvalifisert arbeidskraft.



# Informasjon og marknadsføring



**Garanti om relevant deltidsjobb gjorde valet lett.**

Ann-Oline er svært fornøgd med korleis jobb og undervisning er organisert på barnehagelærarstudiet i Sogndal.

**Møt Ann-Oline ›**

# Arbeid med Sognablu-prosjektet



**samansatt styringsgruppe**

Styringsgruppa består av representantar fra ulike kommunar, ulike roller + TV-representant, og gir prosjektet brei kompetanse og styring.

**Driftsgruppe med praksisnær erfaring**

Driftsgruppa inkluderer HVL v/praksiskoordinator og barnehagar som deltar aktivt (har arbeidsstudent) og tilfører prosjektet verdifull praksisnær erfaring og engasjement.

**Samarbeid for utvikling og kvalitet**

Gruppene jobber saman for å fremme utvikling og kvalitet i prosjektet gjennom felles innsats og deling av erfaringer.

Takk for merksemda !